

Heime etter eitt års segling

14.07.2006

Mette Berit Lauvsnes og Bjarne Lilleaas frå Uskedalen er heime att etter over eitt år i seglbåten. Til Kvinnheringen seier dei at turen til Karibien svarte til forventningane. Første natta heime valde dei å halde fram med å sove i båten Fatuhiva!

Mange i bygda og Kvinnherad har følgd dei på turen. Bloggen med reisebrevva har vore flittig besøkt. Paret har hatt mykje besøk av vener og familie undervegs og dei har møtt utruleg mange andre og hyggelege seglarar. Dei hadde ikkje trudd at dei skulle møte så mange skandinaver som dei gjorde. I alt traff dei 30 norske seglarar. Mette og Bjarne innrømmer at det er litt vemodig å være ferdig med draumen som dei hadde i mange år.....